

Rune Haugen (runha26@gmail.com)

Dato: 03.05.2019
Vår ref: sak nr 19121
Dykkar ref:

Referat - møte mellom grunneigarar i området Haugen - Gausemel, vedrørende detaljregulering i området

Smia 02.05.2019, 14:00 – 15:30

Desse møtte:

Rune Haugen
Trygve Haugen
Arne Haugen
Frode Espe
Atle Tomasgard
Solveig Heltne Tomasgard
Ove Myklebust
Siri Gausemel (Nordplan)
Ståle Hatlelid (Hornindal kommune)

Føremålet med møtet var å koordinere interesser i samband med at det er ønske om å starte opp regulering for nokre fritidsbustader på og i tilknytning til Rune Haugen sitt bruk (183/7). Representantar for tilgrensande eigedomar var inviterte, med sikte på å få ein oversikt på om det kan vere eit potensiale i å samordne planlegginga for fleire tiltak.

Rune H. innleia med ei orientering om føremålet med møtet. Siri G. informerte kort om fordelar ved å koordinere arbeidet og dei utfordringane som ein per i dag kjenner til i det aktuelle området. Skredfarevurdering, Landbruksinteresser og ev. kulturminnevern er tre hovudtema som må utgreiast nærare i planarbeidet.

Ståle H. oppsummerte litt om initiativ som kommunen har motteke i området og korleis desse har vore vurdert så langt. I den samanheng vart det understreka frå Atle T. at dei ynskjer eit skriftleg referat frå sin kontakt mot kommunen i 2018 vedrørende ynskje om å detaljregulere eit område for bustader i lag med deler av Inge Olsen sin eigedom. Tilbakemelding frå planutvalet vert også etterlyst. Til dette informerte Ståle H. om at kommunen og planutvalet uttrykker positiv innstilling til dette initiativet.

Atle T. ynskjer utbygging med signaliserer at han ser seg best tent med å utarbeide ein eigen plan for dette arealet, i samråd med Inge Olsen. Ut over dette kom det ikkje fram andre område der det føreligg konkrete planar for utbygging/detaljregulering. Fleire er positive til utvikling på sine areal, Gunn Haugen, Frode Espe og Nils Paul Haugen har signalisert at dei kan tenke seg bustader på deler av sine eigedomar. For desse er skredproblemtikk ein faktor som gjer tilnærminga litt vanskeleg. For Trygve H. areal er det også motteke signal frå fylkesnivå om at landbruksinteresser gjer det vanskeleg å nytte dei aktuelle areala til bustader, initiativ på dette arealet er dermed skrinlagt per no.

Det vart referert i møtet at det har vore interesse for å etablere nokre hytter lenger aust, på Ytrebø sin eigedom. Nokre av møtedeltakarane antyda også at det kan vere aktuelt med utvikling på området frå Rune H. sin eigedom og vidare austover langs nordsida av Setrevegen.

Det kom ikkje fram ein eintydig konklusjon i møtet. Siri G. foreslår at det vert arbeidd vidare med å annonsere oppstart for eit planområde i tilknytning til deler av Rune Haugen og Ove Myklebust sine eigedomar. Vidare at ein gjer ei ny vurdering av status for dei som er involverte på dette arealet når innspel til annonsert oppstart ligg føre. Dersom vurderingane endrar seg slik at fleire ynskjer at deler av sin eigedom er inkludert i denne annonseringa, ta kontakt med Rune H. eller Siri G. fortløpande.

Takk for frammøtet!

Med helsing
for Nordplan AS



Siri Gausemel
Tlf: 940 14 296

Kopi til:
Inge Olsen
Gunn Haugen og Asgeir Tomassen
Per Ståle Lillestøl
Leif Rune Lødøen